

Høringssvar fra IKO – Kirkelig pedagogisk senter

Dato: 20.12.2021

Høringssvar frå IKO – Kirkelig pedagogisk senter til «Forslag til ny opplæringslov og endringar i friskolelova»

IKO – Kirkelig pedagogisk senter (heretter IKO) takkar for moglegheita til å gi tilbakemelding på høyringa.

§ 14

Innleiande merknader

IKO støtter at fritak frå aktivitetar (§ 14-6) og opplæringa om livssyn (§14-7) skal behandlast i to ulike føresegner og ikkje samlast i ei føresegn. Då vert det tydeleg at fritak også gjeld heile skulen si opplæring, og ikkje berre opplæringa om livssyn.

Omgrepet 'livssyn' vert brukt på til dels motseiande måtar i §§ 14-6 og 14-7. IKO anbefaler at omgrepa vert brukt på ein konsistent måte i lova for å unngå uklarheit. IKO føreslår å bruke omgrepa «religion og livssyn» som parallelle og utfyllande omgrep.

§ 14-5 Forbod mot forkynning

IKO meiner at det vil vere uheldig å skilje ut forbodet mot forkynning i ei eiga føresegn, og at lovteksten kun bør ha eit forbod mot forkynning i tilknytning til KRLE-faget.

I den gjeldande opplæringslova er kravet om at undervisninga ikkje skal vere forkynnande knytt til KRLE-faget. I forslaget til ny lov vert det føreslått å presisere forbodet mot forkynning i ei eiga føresegn, som ei generell føring som gjeld for heile opplæringa. Dette meiner IKO er uheldig. At det ikkje skal vere (religiøs) forkynning i opplæringa følgjer allereie av formålsparagrafen, og IKO meiner at formålsparagrafen seier tydeleg nok det som er naudsynt å seie om påverknad i skulen.

Det er ulike forståingar av kva som ligg i omgrepet «forkynning». Forkynning vert ofte brukt om formidling av ein religiøs budskap. Men óg sekulære livssyn har ein verdimeisig posisjon. Det livssynsopne samfunnet er ikkje nøytralt, men mangfaldig. Skulens lovfesta mål er breidt forankra, men ikkje universelle. Dermed er skulens praksis også til ein viss grad forkynnande fordi den søker å påverke elevane i ein særskilt retning.

Formålsparagrafen seier kva som er skulen sitt føremål og altså kva ein skal «forkynna». Den gir òg rammene for «forkynninga»: Opplæringa skal byggje på verdiane åndsfridom og likeverd, vise respekt for den enkelte si overtyding, alle former for diskriminering skal motarbeidast og verdigrunlaget skal knyttast til fleire trus- og livssynstradisjonar og til menneskerettane. Her kjem det tydeleg fram at skulen ikkje skal påverke i retning av eit bestemt (religiøst) livssyn. I desse formuleringane finst altså ei tydeleg avklaring av både korleis skulen skal, og ikkje skal, påverke elevane. Formålsparagrafen er tydelegare på skulens sitt påverkingsmandat og grensene for det, enn den føreslåtte føresegna i § 14-5.

IKO meiner likevel at ein bør behalde forbodet mot forkynning i tilknytning til KRLE-faget, på bakgrunn av KRLE-fagets historie med dommen i Strasbourg i 2007. I den noverande lovparagrafen §2-4 vert kravet om ikkje-forkynning eksplisitt holdt saman med KRLE-undervisning. Då kan forbodet mot forkynning i større grad forståast som ei fortolking av avsnittet om å sikre objektiv, kritisk og pluralistisk religionsundervisning. Det å behalde dagens lovparagraf, framstår difor som eit betre alternativ enn forslaget som er på høyring.

IKO meiner også at den føreslåtte føresegna i §14-5 skapar ein konflikt mellom Stortinget si oppfordring til å delta på skulegudstenester og den eksplisitte føresegna om forbod mot forkynning i §14-5. Skulegudstenester vert nemnt i høyringsnotatet som noko det kan være aktuelt å få fritak frå for elevar i vidaregåande skule (33.5.1.2, s. 301. Sjå også NOU 2019: 23, 43.3.2 s. 563 og i merknadar til §13-7 s. 747). Stortinget vedtok i 2018 ein vegleiar til skulegudsteneste som oppmodar skulane om å leggje til rette for elevars deltaking på skulegudstenester. Gudstenester må per definisjon innehalde forkynning og religiøs praksis for at dei skal vere gudstenester. Altså har Stortinget vedtatt å oppfordre til at elevar kan delta på noko som inneheld forkynning. I den noverande lovparagrafen, kor forbodet mot forkynning er knytta opp mot KRLE-faget, får ein ikkje den same konflikta. Skulegudstenesta er ikkje ein del av KRLE-faget, men har vore hjemla i generell del/overordna del av læreplanverket, og vore forstått som ein del av skulens kulturformidling.

IKO vil difor be om at § 14-5 tas ut fordi den utgjør ei dobbeltregulering og skaper uklarheter. Føresegna bør heller setjast inn under § 14-7 som ei presisering av at det ikkje skal være forkynning i KRLE-faget, jf. noverande opplæringslov.

§ 14-6 Fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn

1. IKO støtter at fritaksretten også skal gjelde elevar i vidaregåande opplæring.

2. Departementet og opplæringslovutvalet har presisert i forslaget at elevane ikkje kan krevje fritak frå «kompetansemåla i læreplanane for fag». I noverande lov er det «opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen» som elevane ikkje kan få fritak frå. IKO meiner forslaget utgjør ei uheldig innstramming.

Kompetansemåla, slik dei er utforma i læreplanane, inneheld aktivitetar. Departementet skriv på s. 301. «Elevene kan derfor ikke få fritak fra aktiviteter som er nødvendige for å nå kompetansemålene». Dans vert nemnt som ein aktivitet det kan være aktuelt å få fritak frå (NOU 2019:23 s. 561, 565 og 747). Men, i læreplan for kroppsøving, i kompetansemål etter 4. trinn, er eitt av kompetansemåla formulert slik: «utforske og gjennomføre leikar, idrettsaktivitetar, dansar og andre bevegelsesaktivitetar». Her ligg det nokre motsetjingar. IKO vil difor oppmoda om at ein held fast på ordlyden frå noverande lov i § 2-3: «Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen». Då unngår ein at aktivitetar, som nokon kan oppleve som støytande eller krenkjande, blir tvunge igjennom fordi dei er ein del av kompetansemålet.

Alternativt vil IKO føreslå ei formulering som spesifiserer at det er kunnskapsinnhaldet i dei ulike kompetansemåla ein ikkje kan få fritak frå.

3. Departementet har tatt inn igjen at foreldre (eller elevar) kan be om fritak, noko som var utelate i opplæringslovutvalet sitt forslag til § 13-7. IKO støttar denne avgjersla, men meiner også at § 13-7 bør presisera at foreldre ber om fritak på vegne av eleven inntil eleven har fylt 15 år og at eleven sjølv kan be om fritak etter fylte 15 år. Ei slik presisering vil i følge departementet medføre ei dobbeltregulering, då dette vert behandla i ny § 24-4. IKO meiner likevel at dette, av omsyn til kommunikasjon, bør presiserast også her. Lova rettar seg mot ei bred lesegruppe, og § 13-7 vil vere ein særleg relevant paragraf for foreldre/elevar å slå opp i når dei treng informasjon om fritak. Ein kan ikkje forvente at ein også finn fram til § 24-4 når ein er ute etter fritak. Ein kan heller ikkje forvente at alle

kjenner til den religiøse myndigrettsalderen eller barns sjølvstendige religiøse religionsfridom.

§ 14-7 Opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk

Omgrepa «objektiv, kritisk og pluralistisk» er omgrep som sikrar at KRLE - faget er i samsvar med menneskerettane. IKO meiner det er klokt å vidareføre disse omgrepa, men vil understreke at omgrepa, ettersom dei er juridiske (frå dommen mot KRLE-faget i EMD i 2007) og ikkje pedagogiske omgrep, gjer dei lite eigna til å angi kriterier for opplæring. Dei bør difor «omsetjast» i lova, også av omsyn til at lova er meint å ha ei brei lesargruppe, og nokon ikkje vil vere kjent med omgrepa si historie. IKO støtter difor departementet si vurdering i å ta inn igjen avsnittet «Opplæringa i emna kristendom, religion, livssyn og etikk skal medverke til auka forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulikt syn på trudoms- og livssynsspørsmål» i lova.

§ 11; Universell opplæring eller tilpassa opplæring: kap. 21 i høyringsnotatet (s. 171-185 og 684-694)

IKO meiner at nemninga «tilpassa opplæring» ikkje bør erstattast av «universell opplæring». Nemninga «Tilpassa opplæring» er ei velkjent nemning i sektoren og godt innarbeidd blant lærarar. Vi meiner omgrepet «tilpassa» i større grad fokuserer på individa i fellesskapet og at skulen skal ta omsyn til variasjonar hos dei som får opplæringa. IKO ser at det kan være gunstig å harmonisere bruken av omgrep mellom ulike lover, men i dette tilfellet meiner vi at forståinga av universell som for eksempel kjem fram på s. 177 i høyringsnotatet at «...det er hovedløsningen som skal fungere for det store mangfoldet» ikkje er heldig når det kjem til opplæring. Ei elevgruppe er mangfaldig, og det finst ikkje ei form eller løysing som passar alle. Dette meiner IKO kjem betre fram med nemninga «tilpassa opplæring». IKO meiner difor ein bør klargjere kva som ligg i «tilpassa opplæring», i loven, framfor å bytte til «universell opplæring».

Kap. 41 i høyringsnotatet: Opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år som ikkje har opphaldsløyve i Norge

1. Opplæringslovutvalet har foreslått at retten til opplæring skal verta utvida fram til faktisk utreisetidspunkt for dei som har fått avslag på sin søknad om opphaldsløyve. Departementet foreslår derimot å vidareføre dagens regel om at retten gjeld fram til tidspunktet for endeleg vedtak om avslag på søknad om opphaldsløyve, sjå forslaget til §§ 5-9 og 18-9.

IKO meiner at opplæringslovutvalet sitt forslag bør behaldast, då barnets beste (41.5.1.3 i høyringsnotatet) bør vektast framfor innvandringsregulerande omsyn (41.5.1.4 og 41.5.1.5).

2. IKO støttar forslaget om at dei som søker om opphaldsløyve i Noreg, skal få rett til vidaregåande opplæring for ungdom og førebuande opplæring for vaksne ut det skuleåret som begynner det kalenderåret dei fyller 18, sjå forslaget til §§ 5-9 og 18-9 (41.5 i høyringsnotatet).

§ 10-1 Elevens beste: kap. 13 i høyringsnotatet

IKO støttar at det seiast eksplisitt i lova at elevens beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjersler som angår elever.

§ 10-2 Elevane si medverking og skuledemokratiet: kap. 16 i høyringsnotatet

IKO støttar forslaget om å lovfeste at elevane har «rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter denne lova. Elevane skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning.» (§ 10-2, 16.6.1.2 i høyringsnotatet).

Oslo, 17. desember 2021

*Anne Birgitta Langmoen Kvelland
Direktør ved IKO – Kirkelig pedagogisk senter*